

Endring av eksamensordningar

Rapport frå arbeidsgruppe

Våren 2019 sette LLE ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere eksamensordningane til instituttet med det føremål å redusere kostnadene ved eksamensavviklinga.

Arbeidsgruppa fekk følgjande mandat:

Arbeidsgruppa skal levere ein rapport med følgjande resultatmål til instituttleiinga:

- Arbeidsgruppa skal gå gjennom alle ordinære emne på instituttet og gje forslag til endringar av eksisterande vurderingsordningar. Vurderingsform heng ofte saman med obligatoriske arbeidskrav. Der det er formålstenleg, skal arbeidsgruppa også gje forslag til endringar av obligatoriske arbeidskrav.
- Arbeidsgruppa skal vurdere om det finst andre vurderingsformer enn dei LLE brukar i dag som kan vere eigna til våre emne, og gi anbefalingar om dette.
- Arbeidsgruppa skal gi råd om tal på sensorar for ulike vurderingsformer.

Arbeidsgruppa har følgjande mandat:

- Arbeidsgruppa skal kunne gje generelle tilrådingar til bruk av vurderingsordningar og arbeidskrav på 100-, 200- 250- og 300-nivå, men kan også tilrå endringar på enkelte emne.
- Arbeidsgruppa skal kunne gje ei vurdering av kor mange sensorar som trengst per oppgåve for ulike vurderingsformer og, viss det er aktuelt, korleis ein kan sikre rettferdig sensur med berre ein sensor.
- Arbeidsgruppa bør rådføre seg med fagmiljøa og med studentane, eventuelt også med Program for universitetspedagogikk.

Medlemene i arbeidsgruppa var Matti Wiik (undervisningsleiar), Frode Helmich Pedersen (førsteamanuensis), Signe Nilssen (fung. studieleiar) og Ragnhild Gjefsen (stipendiat).

Arbeidsgruppa heldt fire møte og rådførte seg med alle faga ved LLE. Medlemene gjekk gjennom eksamensordningane på alle emne og drøfta omleggingar der det vert nytta urimeleg kostnadskrevjande eksamensformer. Det universitetspedagogiske miljøet vart òg kontakta, men hadde ikkje kapasitet til å yta hjelp.

Innleiing/generelt

Leiinga ved LLE ynskjer å redusere ressursbruken ved eksamen. Rapporten som her ligg føre, inneheld framlegg til korleis instituttet kan bruka mindre pengar og arbeidskraft på sensur.

Instituttet brukar kring ein million kroner på ekstern sensur i året, og vurdering av eksamenssvar krev etter måten mykje av tida til fagfolka. Det er ynskjeleg å bruka meir av desse ressursane på undervisning og rettleiing.

Eit vilkår for endringane er at dei skal ta omsyn til studiekvaliteten så langt det let seg gjera. Dertil skal studentane framleis kjenna at dei vert tekne omsyn til. Det er likevel ikkje til å koma unna at det somme tider kan verta konflikt mellom omsynet til studentane i eksamenssituasjonen på den eine sida og ynsket om redusert ressursbruk på den andre. Difor vert det lagd vinn på å laga alternative ordningar som held ved lag funksjonane til eksamensformene på alternative måtar.

Vi vil elles ikkje leggja for sterke føringar på fagmiljøa. Dei må sjølve gå gjennom alle vurderingsformer og sjå til at dei er høvelege for emna, om ynskjeleg med støtte frå studieadministrasjonen. Her er målet å finne løysningar som er tenlege for faget. Det må òg nemnast at somme endringar allereie er gjort i fleire av fagplanane utan at dei er sette i verk enno.

Tilrådingane frå arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa legg fram følgjande tilrådingar:

1. Bortfall av doble vurderingsformer

Som hovudregel bør ingen emne ha meir enn éi prøveform til eksamen.

Ved somme høve er det likevel tenleg å gjera unnatak for emne der innhald og arbeidsmåte krev to slag vurderingsformer, til dømes i emnet PRAKTINF, Praktisk informasjonsarbeid.

Også ved avsluttande mastereksamen bør ein ha ei justerande munnleg prøve med di det veg tungt at kandidatane får utdjupa og presisera ulike sider ved arbeidet sitt.

Sensur på heimeeksamen, semesteroppgåver og BA-oppgåver bør leggjast om slik at det ikkje vert brukt ressursar på meir enn éi prøveform. Ei følgje av dette vert at ein tradisjonell justerande munnleg eksamen ikkje lenger bør nyttast etter heimeeksamen. Både ved denne eksamensforma og ved eksamen på emne der rettleidd oppgåve er grunnlaget for vurderinga, har munnleg eksamen tent til å prøva kandidatane i breiddekunnskap som ligg utanfor emnet for oppgåva til den einskilde studenten. Denne kontrollfunksjonen kan likevel haldast ved lag på andre måtar etter kva krav ein bør setja til evalueringa.

Når doble vurderingsformer vert fjerna, oppmodar arbeidsgruppa fagmiljøa til å syta for at det framleis er variasjon i vurderingsformene i studieprogrammet (heimeeksamen, skuleeksamen, munnleg eksamen osv.). Fagmiljøa kan gjerne finne andre eksamensordningar som løyser dei problema som måtte oppstå ved overgangen til éi vurderingsform per emne.

Når det er ynskjeleg eller turvande å prøva breiddekunnskap eller spesialisert kunnskap på sjølve eksamen, kan det til dømes brukast prøveførelsing med avsluttande utspørjing av kandidaten. Ved slike høve legg kandidatane først fram oppgåva si for sensorane i form av ei førelsing, og vert dinest stilte spørsmål frå sensorane (sjå NOFI303). Jamvel om sensorane får oppgåvene opplesne i staden for å lesa dei sjølve på førehand, kan dei likevel få oversyn over kva kandidatane har gjort og deira prestasjonar. Kostnadene vert då monaleg reduserte i jamføring med ein tradisjonell heimeeksamen.

2. Flytting av ressursar frå måling til læring

Endringar i eksamensformene bør stimulera til frammøte på og deltaking i undervisning gjennom heile semesteret. Somme av kontrollfunksjonane som i dag ligg til eksamen, gjer komiteen framlegg om å gjera til delar av undervisninga. Tiltaka som er skisserte nedanfor, vil gjera aktiviteten til studentane jamnare gjennom semesteret i staden for at arbeidsinnsatsen vert einsidig konsentrert til etter undervisningsperioden.

I vurdering av semesteroppgåver og BA-oppgåver kan munnleg eksamen erstattast av obligatorisk frammøte på 75 % av undervisning og rettleiing. Oppmøtekravet tryggar at studentane vert gjorde kjende med kunnskapar som emnet krev, utan at dei treng vera direkte relevante for valet av oppgåvetema.

I mappevurdering vert obligatoriske arbeid undervegs rekna med i vurderinga. Det gjev betre læringsutbyte og kan redusera sensurarbeidet i og med at mykje av vurderinga allereie er unnagjort i semesteret.

Munnlege presentasjonar i undervisninga gjev studentane øving i formidling og kan samstundes representere eit breiddekrav.

Det kan gjevast enkle multiple choice-breiddetestar som obligatorisk arbeidskrav. Det er med å tryggja at studentane får med seg generell kunnskap innanfor det aktuelle emnet.

Dersom det lukkast å letta eksamensarbeidet, kan det frigjera ressursar til å gjennomføra den obligatoriske mentorordninga. Dette kan vera fagdag, masterverkstad, oppstartseminar og liknande.

3. Kontroll med arbeidsmengd i intern sensur

Det er mogleg med økonomisk innsparing på eksamen i emne der oppgåvesvara i stor mun er gjevne og det ikkje er stort rom for drøfting. Ved slike emne kan ein nøya seg med intern sensur.

Det kan vera aktuelt med berre éin sensor ved somme eksamenar. Her må det takast atterhald om stoda ved kvart einskilt høve. Dersom til dømes stipendiatar skal sensurera, bør det vera ein medsensor som hjelper til og rettleier i sensurarbeidet.

Vi gjer framlegg om at munnleg eksamen fortrinnsvis vert brukt på emne med relativt få studentar, sidan dette er den eksamensforma med dei høgaste kostnadene. Vi understrekar likevel at det er viktig at studentane møter variasjon i eksamensformer, mellom dei munnleg eksamen, gjennom studieløpet.

Det bør vurderast å ta i bruk økonomisk mindre krevjande eksamensformer. Mellom desse kan vera heimeeksamen på seks timar med eigen faktor. Denne kan erstatta skuleeksamen slik at det vert betre kontroll med tidsbruken.